

**Notat**

Dato: 27.03.2019  
Arkivsak: 2019/8008-1  
Saksbehandlar: evavinj

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Reisevaneundersøkinga 2017

### Bakgrunn

Samferdselsdepartementet og transportverksemdene gjennomfører ei kontinuerlig nasjonal reisevaneundersøking i heile landet. Konsulentselskapet Epinion er datainnsamlar, medan Transportøkonomisk institutt er ansvarlig for kvalitetssikring av data.

For å få eit tilstrekkeleg datagrunnlag for Bergensområdet, og for å vere med i ny runde med byvekstavtalar er vi pålagt å bestille eit tilleggsutval for Bergensområdet.

### Om datasettet

Vi har no fått mellombelse tal som gir ein indikasjon på korleis reisevanane til innbyggjarane i Bergen kommune er og har utvikla seg over tid. Tala gjeld for innbyggjarar busett i Bergen kommune, og for reiser på kvardagar hausten 2017. Til saman har 1 224 personer svart.

Det er eit langt mindre utval enn tidlegare år, og usikkerheita/standardavvika er difor noko større.

### Resultat

Dei mellombelse tala i reisevaneundersøkinga syner ein overgang til meir miljøvenlege reisevaner. Delen bilførarar ligg no på 43,8 %, det er ein nedgang på 2,6 prosentpoeng frå 2013, og heile 7,1 prosentpoeng lågare enn i 2008.

Vi observerer en auke i både gåande, syklande og i delen av kollektivreisande.

Figuren under viser dei mellombelse resultatata frå reisevaneundersøkinga. Standardavvika er markert i figuren med symbolet  $\square$ , merk at standardavvika er større i 2017 enn for dei tidlegare åra. Dette skuldast at utvalet er mindre. Fleire og meir detaljerte resultat av reisevaneundersøkinga vil bli tilgjengeleg i løpet av våren 2019.

